




VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværs- førebygging



Program for
folkehelsearbeid i
Bjørnafjorden kommune
2021-2024 Sluttrapport

15.06.2025

INNHALD

1. Innleiing	5
1.1. Bakgrunn for søknaden.....	5
1.2. Sentrale aktørar i arbeidet.....	6
2. Mål for prosjektet	7
2.1. Overordna mål	7
2.2. Formålet med tiltaka.....	7
2.3. Effektmål (langsiktige effektar)	7
2.4. Prosjektet er delt opp i delprosjekt	8
2.5. Samanheng med det systematiske folkehelsearbeidet.....	8
3. Organisering og medverknad	9
3.1. Organisering og gjennomføring	9
3.2. Medverknad i delprosjekta	9
3.3. Samarbeid med frivillig sektor	11
4. Innovasjon, utvikling og ny kunnskap	12
4.1. Innovasjonsaspektet	12
5. Tiltak og aktivitet	13
5.1. Sentrale aktivitetar og justeringar	13
5.2. Ressursbruk.....	14
6. Samarbeid og forankring	14
6.1. Samarbeid i kommunen	14
6.2. Sektorplan Oppvekst.....	15
6.3. Arbeidsgruppa folkehelse.....	16
6.4. Samarbeid med forskning og kunnskapsmiljø	16
6.3.1. Forskingsinstituttet NORCE	17
6.3.2. KoRus (Kompetansesenter for rusfeltet)	18
6.3.3. Andre forskings -og kompetansemiljø	18
7. Evaluering og forskning.....	19
7.1. Type evaluering og gjennomføring	19
7.2. Hovudfunn frå evalueringa	20
8. resultat og måloppnåing	23
8.1. Resultat – kriteria og mål	23
8.2. Utvikling av kommunen sitt systematiske folkehelsearbeid.....	23
8.3. Integrering av det psykisk helse og rusførebyggjande arbeidet i folkehelsearbeidet.....	24
9. Læringspunkt og erfaringar	25
9.1. Suksess og utfordringar	25

9.2.	Læringspunkt for andre kommunar	26
10.	Vidareføring og implementering	26
11.	Deling og formidling	28
11.1.	Deling av resultat og læringspunkt.....	28
11.2.	Resultat som kan vere nyttige for andre kommunar	29
12.	Konklusjon	29
13.	Vedlegg.....	30

Forord

Gjennom deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane har Bjørnafjorden kommune, med prosjektet VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværsførebygging, teke viktige steg i utviklinga av eit meir systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

VERD-SETT har bidrege til å samle oppvekstfeltet om eit felles mål: å styrke barn og unge si psykiske helse, meistring og deltaking. Prosjektet har gitt kommunen eit tydelegare kunnskapsgrunnlag, mellom anna gjennom eit meir systematisk arbeid med Ungdata, som no blir aktivt nytta i planlegging og prioritering av tiltak.

Gjennom felles kompetanseheving og innføring av verktøy som BTI (Betre tverrfagleg innsats) har tilsette på tvers av barnehage, skule og støttetjenester fått eit felles språk og ei felles forståing av tidleg innsats. Dette har styrkt samarbeidet rundt barn og unge og bidrege til meir samordna og likeverdige tenester.

Prosjektet har også utvikla og styrkt strukturar for tidleg innsats, mellom anna gjennom vidareutvikling av ressursteam og målretta arbeid med skulenærver. Samstundes har satsing på nye tiltak, som etablering av e-sportstilbod, bidrege til å møte ungdommane sine behov for meningsfulle fritidsarenaer.

Samla sett har VERD-SETT gitt Bjørnafjorden kommune betre føresetnader for å arbeide førebyggjande, samordna og langsiktig. Erfaringane frå prosjektet er no ein del av det vidare arbeidet med å utvikle gode oppvekstvilkår og fremje god folkehelse for alle.



"Det er så lite,
men det er så stort!"

*Figur 1 Profilbilete Bjørnafjorden
kommune*


1. INNLEIING

Bjørnafjorden ble med i Program for folkehelse januar 2021. Prosjektperioden var i utgangspunktet frå 01.04.2021 til 01.04.2024, men vart utvida til 31.12.2024. Føremålet med prosjektet var å styrke Bjørnafjorden kommune sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Søknaden byggjer på det lokale utfordringsbiletet, jf. Folkehelseoversikt for Bjørnafjorden kommune 2019-2022

1.1. Bakgrunn for søknaden

Folkehelseoversikta «Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune» frå januar 2020 viste at :

- Ein stor del av ungdommane i Bjørnafjorden var plaga av einsemd. I Ungdata-undersøkinga blir psykiske helseplagar målt ved mellom anna depressive symptom.
- Folkehelseoversikta viser vidare at 25-29 % av ungdomsskuleelevane våre seier at dei ofte gruer seg til å gå på skulen.
- Folkehelseoversikta viser at vi har ei betydeleg gruppe av elevar på barne- og ungdomstrinnet som har eit bekymringsfullt høgt fråvær og går glipp av mykje fagleg og sosialt.
- Ein høgare del i aldersgruppa 25-29 år enn landsgjennomsnittet har stønad til livsopphald (Os-sida). Høgare del enn landsgjennomsnittet 18-44 år er på varig uføretrygd (Fusa-sida).



Figur 2 Illustrasjon Helsefremming, forebygging og behandling


Målgruppe:

Barnehage, skule, SFO, fritidsarena i kommunal regi og alle tilsette på oppvekstområdet

Kort samandrag av tiltaka

Gjennom prosjekt VERD-SETT vil vi ha fokus på det førebyggjande arbeidet, det universelle, inn mot alle barn og unge. Vi ønsker å få auka kunnskap og felles forståing om folkehelse og om den viktige rolla barnehage og skule har som arenaer for utvikling, læring og livskvalitet. Delprosjekta og tiltaka skal sikre god kvalitet i barnehagane og skulane, trygge relasjonar og tidleg innsats.

1.2. Sentrale aktørar i arbeidet



Figur 3 Organisasjonskart prosjekt VERD-SETT

Prosjektet er gjennomført på heile oppvekstområdet.

Prosjekteigar:

Line Rye, kommunalsjef for Oppvekst.

Styringsgruppe for prosjektet:

Kommunedirektøren si leiargruppe

Prosjekt VERD-SETT har jamleg vore presentert i Styringsgruppa. Status for delprosjekta, organisering, budsjett, justering og evaluering var på dagsorden.

Prosjektleiing:

Karianne Moberg, barnehagemynd, og Signe Christensen (prosjektleiing), rådgjevar på oppvekstområdet/stab kommunalsjef Oppvekst.

Prosjektgruppa:

I startfasen var prosjektgruppa sett saman av tilsette på «leiarnivå» på oppvekstområdet. Undervegs i prosjektet ble prosjektgruppa endra for å sikre at prosjektarbeidet kom tettare på praksisfeltet. Alle i prosjektgruppa hadde direkte tilknytning og ansvar for dei ulike delprosjekta.

Det ble etablert arbeidsgrupper til kvart delprosjekt som ble leia av ein frå prosjektgruppa.

2. MÅL FOR PROSJEKTET

2.1. Overordna mål

Prosjektgruppa utarbeida følgjande mål for prosjektet:

I prosjekt VERD-SETT – Saman om livsmeistring og fråværsførebygging er det overordna målet at vi jobbar saman på barn og unge sine oppvekstarenaer for å styrke meistringsevne og psykisk helse, og for å auka nærvær og førebyggja utanforskap.

2.2. Formålet med tiltaka

Overordna målsetting og formålet med tiltaka var:

- Felles og betre kunnskap og kompetanse hos dei tilsette på oppvekstområdet skal sikre tidleg innsats og rett tiltak inn mot barn, unge og deira familiar.
- Reduksjon i fråvær i barnehage og skule.
- Reduksjon i tal saker bekymringsfullt fråvær/alvorleg skulefråvær.
- Betre tverrfagleg samordning inn mot barn og unge.
- Ressursteam i barnehage og skule er eit sentral tiltak i arbeidet med å sikre tidleg innsats og tidleg intervensjon.
- Ressursteam sikrar tverrfagleg samordning til det beste for barn og familie.
- Etablering av E-sport tilbod i kommunen sikrar betre kvalitet på digital fritid og at barn og unge får E-sport tilbod i heimkommunen.

2.3. Effektmål (langsiktige effektar)

- Høgare kompetanse om livsmeistring og fråværsførebygging blant tilsette i barnehage og skule.
- Høgare grad av sosial og emosjonell kompetanse hos barn og unge.
- Redusere dårleg sjølvbilete og forventingspress.
- Meir inkluderande oppvekstmiljø og mindre del barn og unge som gruer seg til barnehagen/skulen.
- Redusert fråvær i barnehage og skule.
- Reduksjon i tal saker bekymringsfullt fråvær/alvorleg skulefråvær.
- Betre tverrfagleg samordning av kommunal innsats inn mot barn og unge

Gjennom prosjektet ønskjer vi å styrke barn og unge sin tryggleik, trivsel, sjølvkjensle og psykiske helse, gjennom kompetanseheving innan relasjonsbygging og anerkjenning, inkludering og nærvær, og godt tverrfagleg samarbeid. Målet er å gjere barnehage og skule til ein trygg og inkluderande arena for barn og unge.

Vi ønskjer å få ny kunnskap og innsikt i ny forskning omkring skulenærvær/skulefråvær som kan bidra til vidareutvikling av SIM-permen til ei felles handlingsrettleiar for førebygging og oppfølging av skulefråvær.

Vi ønskjer å bruka informasjonsmateriell og digitale plattformer for å nå ut med universell kompetanseheving, også til føresette som ikkje kjem på foreldremøte.

Vi ønsker eit betre samarbeidet med føresette til barn som strever med å vera i barnehage eller på skulen.

2.4. Prosjektet er delt opp i delprosjekt

Sjåast i morgon(SIM):

- Arbeid med nærvær og fråvær i barnehage og skule. Vidareutvikle tiltakspakka(SIM) i arbeidet med å auke nærvær og forebygga fråvær i barnehage og skule.

Ungdata og ungdata junior:

- Utarbeide felles system og rutine for førebuing, gjennomføring og oppfølging av Ungdataundersøkinga. Gjennom grundig analyse og refleksjon av resultata vil kommunen få ny innsikt og kunnskapsgrunnlag. Dette vil sikre meir treffsikre tiltak og prioriteringar i det førebyggjande arbeidet, for politisk nivå og styring lokalt.

Ressursteam i barnehage og skule:

- Gjennom felles system og rutine for Ressursteama i kommunen vil vi sikre tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og likeverdige tenester i alle barnehagar og skular

Felles kompetanseheving for alle tilsette på oppvekstområdet:

- Gjennom kartlegging og spørjeundersøkingar vil vi få kunnskap om kva for kompetanse dei tilsette ønsker og har behov for. I tillegg vil vi ta kontakt med ulike faglege instansar for å få innspel på kva som bør vere felles kompetanse- og kunnskapsgrunnlag for dei tilsette på oppvekstområdet.
- Utarbeide ein obligatorisk kompetansehevingspakke for alle tilsette i barnehage, skule og oppvekstfeltet.

Etablering av e-sport tilbod i Bjørnafjorden kommune.

- Dette delprosjekt var ikkje med i søknaden, men ble oppretta med bakgrunn i oppfølginga av resultata i Ungdata undersøkinga.

2.5. Samanheng med det systematiske folkehelsearbeidet

Søknaden ble initiert av arbeidsgruppa for folkehelsearbeid i Bjørnafjorden kommune. Val av prosjekttinnhald er tett knytt opp mot det systematiske folkehelsearbeidet inn mot barn og unge.



Figur 4 Bilete Baronselva

Delprosjekta med tilhøyrande tiltak er valt ut med bakgrunn i resultat Ungdata og implementering av nye nasjonale satsingar og føringar, ny Barnevernsreform/Oppvekstreform og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis, der vi gjennomførte kartlegging og drøfting med sentrale aktørar på oppvekstområdet.

Prosjektgruppa har hatt tett dialog med arbeidsgruppa Folkehelse. Det har vore fokus på samanheng og «ein raud tråd» og derfor er organisering og samansetting av deltakarar i prosjektgruppa og arbeidsgruppa folkehelse viktig. Deltakarar i prosjektgruppa og prosjektleiing VERD-SETT har vore faste deltakarar i arbeidsgruppa folkehelse. Dette har sikra samanheng, oppdatering og utvikling av kommunen sitt kunnskapsbaserte og systematiske folkehelsearbeid, spesielt inn mot barn og unge.

3. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

3.1. Organisering og gjennomføring

Prosjekt VERD-SETT ble gjennomført på oppvekstområdet. Kommunalsjef oppvekst var tett på prosjektarbeidet gjennom faste møtepunkt med prosjektgruppa. Prosjektleiinga hadde faste møtepunkt med leiargruppa på oppvekst. Dette sikra oppdatering, prioritering, samanheng og var avgjerande for framdrifta.

Kommunedirektøren si leiargruppe var Styringsgruppe for prosjektet. Dette sikra forankring i heile organisasjonen.

Det var faste samarbeidspunkt mellom prosjektgruppa VERD-SETT og arbeidsgruppa folkehelse. Dette samarbeidet har vore sentral i utviklinga at det kunnskapsbaserte og systematiske folkehelsearbeidet.

I prosjektperioden var det også andre sentrale føringar og organisatoriske endringar på oppvekstområde som gjorde at samarbeid, dialog og felles forståing var viktig for felles utvikling.

3.2. Medverknad i delprosjekta

Medverknad og brukarinvolvering er sentralt i folkehelsearbeidet. Prosjektgruppa har, i samarbeid med aktuelle partnerar og ressursgrupper, vurdert kva for aktørar, møteplassar og former for medverknad som har vore relevante i dei ulike delprosjekta.

Plan for kompetanseheving

I arbeidet med barnevernsreforma/oppvekstreforma og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis gjennomførte vi ei spørjeundersøking blant alle tilsette om behov og ønske for kompetanseheving. Resultata frå kartlegginga vart brukt som grunnlag for dette delprosjektet

Barnehagar og skular fekk medverke i korleis kompetansehevinga skulle organiserast og gjennomførast, ambisjonen var at kompetansehevinga skulle bli gjennomført i ordinær arbeidstid for alle tilsette. Kompetansehevinga blei gjennomført i arbeidstida og lagt opp i tråd med innspel frå barnehage og skule

Tilbakemeldingane i etterkant har vist at:

- gjennomføringa fungerte godt
- innhaldet var relevant og i tråd med behova

Ungdata og Ungdata junior

I Ungdata ble barn og unge involverte tidleg gjennom fokusgruppeintervju på utvalde barne- og ungdomsskular og vidaregåande skular. Desse intervju gav nyttig og utdjupande informasjon. Vi fekk innsikt og kunnskap om kva som «låg bak tala».

Ungdomsrådet:

- fekk presentert system og rutinar for Ungdata
- deltok i drøfting av resultat og analyse
- deltok i presentasjon av resultat i møtepunkt på politisk nivå

Vidare involvering:

- tilsette vart kopla på i oppfølgingsarbeidet
- resultat frå Ungdata vart drøfta i SLT-møte (både koordinerande og utførande nivå)
- foreldre vart involverte gjennom presentasjon av resultat og felles refleksjon
- inviterte til FAU- stormøte på begge sider av fjorden, Os sentrum / EikelandsosenFusa-sida og Os- sida.

Samarbeid med frivillig sektor

I tillegg arrangerte kommunen ein fagdag «Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden». Målgruppe: Tilsette, representantar frå Ungdomsrådet, elevråda, skuleleiinga, politisk- og administrativt nivå, frivillige lag- og organisasjonar og samarbeidspartnarar i U/H sektoren.



Figur 5 Invitasjon til Fokusdag Ungdata

Ressursteam i barnehage og skule

Ressursteam var allereie etablert i kommunen, men vi valde å starte delprosjektet med å gjennomføre ein «baseline» for å etablere felles kunnskapsgrunnlag og innsikt. Målet med prosjektet var å sikre likeverdig praksis, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid i alle barnehagane og skulane. Vi hadde ambisjonar om å gjennomføre ein ny base-line etter utprøving av nytt system og nye rutinar, men det ble ikkje gjennomført.


For å sikre medverknad frå praksisfeltet arrangerte vi samskapingssamlingar, «Digikok», som er ei digital løysing på Innolab som er eit rom og eit konsept som legg til rette for samarbeid, kreativ problemløysing og testing av nye tenester og teknologi.

hausten 2022. Ein samling for barnehage og ein for skule. Målet var å involvere dei som jobbar i feltet og få konkrete innspel til vidare utvikling av ressursteama.

Gjennomføring:

- faglege innlegg frå ressurspersonar
- gruppebaserte refleksjonar på tvers
- tverrfaglege drøftingar

Som eit resultat av digikok og tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå PPT, Forebyggjande helse, barnevernstenesta og styrarar/rektorar, vart det utarbeida ein rutine for barnehage og ein for skule. I etterkant av prosjekt VERD-SETT har rutinen for ressursteam barnehage og skule vore prøvd ut og justert.



Figur 6 Invitasjon Digikok ressursteam

Ressursteama er ein del av BTI-modellen i Bjørnafjorden kommune.

Ressursteam barnehage blir no vidareført som eit underprosjekt, tidleg innsats 0-6 år, som er eit prosjekt i Innsatstrappa i Bjørnafjorden som er eit felles rammeverk som viser kva for tenester og tilbod kommunen skal levere.

3.3. Samarbeid med frivillig sektor

I utgangspunktet var VERD-SETT eit prosjekt avgrensa til kommunal sektor. Etter kvart som arbeidet utvikla seg, særleg i oppfølginga av Ungdata og i delprosjektet E-sport, tok kommunen initiativ til å styrkje samarbeidet med frivillig sektor. Nokre tilsette i prosjektgruppa VERD-SETT og på kultur deltok på Alike Gamere konferansen 2022 for å sikre felles kunnskapsgrunnlag og etablere kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar.

I arbeidet med E-sport vart idrettslagane ein sentral samarbeidspart. Kommunen etablerte tidleg dialog med Idrettsrådet gjennom digitale møte, før det vart invitert til eit breiare orienterings- og inspirasjonsmøte for alle idrettslagane i kommunen. På dette møtet delte mellom anna Søreide idrettslag erfaringar frå sitt arbeid med E-sport. Kommunen henta også inn erfaring frå Fana idrettslag gjennom eigne møte. Dette bidrog til kunnskapsdeling og gav eit betre grunnlag for å vurdere korleis E-sport kunne utviklast som aktivitet lokalt, i samarbeid med frivillige aktørar.

Gjennom dette arbeidet fekk kommunen betre innsikt i frivillig sektor sine ressursar og moglegheiter, og det vart lagt til rette for å sjå nye tiltak i samanheng med eksisterande fritidstilbod for barn og unge. Samarbeidet synte også kor viktig frivillig sektor er som arena for deltaking, meistring og sosial tilhørse.

I oppfølginga av delprosjektet «Plan for kompetanseheving», som i ettertid er integrert i BTI (Betre tverrfagleg innsats) i Bjørnafjorden kommune, vart det også gjort forsøk på å involvere frivillig sektor. Kommunen inviterte frivillige lag og organisasjonar til eit eige informasjonsmøte om BTI og relevante verktøy for samarbeid rundt barn og unge. Frammøtet var avgrensa, noko som tyder på at det



Figur 7 Program Aktiv gamere konferansen 2022

framleis er behov for å utvikle gode former for involvering og samhandling med frivillig sektor på dette området.

Samla sett har samarbeidet med frivillig sektor i VERD-SETT vore mest tydeleg innan E-sport og i oppfølginga av Ungdata. Prosjektet har bidrege til å etablere nye kontaktpunkt og styrkje dialogen mellom kommunen og frivillige aktørar. Samstundes viser erfaringane at det er eit potensial for vidare utvikling av meir systematisk og breiare samarbeid framover.

4. INNOVASJON, UTVIKLING OG NY KUNNSKAP

4.1. Innovasjonsaspektet

VERD-SETT har ivareteke innovasjonsaspektet ved å utvikle nye arbeidsmåtar og styrke samanhengen mellom kunnskap, praksis og styring i kommunen. Særleg har arbeidet med Ungdata vore nyskapande. Kommunen har etablert eit heilskapleg system for førebuing, gjennomføring og oppfølging av undersøkinga, der resultata blir aktivt brukt til analyse, refleksjon og prioritering av tiltak. Dette har gitt eit betre og meir treffsikkert kunnskapsgrunnlag for det førebyggjande arbeidet.

Prosjektet har også bidrege til ny praksis i Bjørnafjorden kommune gjennom utvikling av felles rutinar, struktur og verktøy på tvers av tenester som del av innføring av BTI. Dette har gitt meir systematikk, betre samhandling og tidlegare innsats i ulike deler av verksemda. Det har vore særleg viktig i samband med etablering av ny kommune i 2020. Endringane i praksis er òg kopla til andre større endringar som følgje av Oppvekstreforma og etablering av Familiens hus som var ei organisatorisk endring (uavhengig av dette prosjektet.)

For Bjørnafjorden har prosjektet bidrege til å utvikle ein meir heilskapleg, kunnskapsbasert og framtidsretta praksis i folkehelsearbeidet i kommunen.

Vidare har VERD-SETT lagt til rette for involvering av barn, unge, tilsette og samarbeidspartnarar i idrettslaga ved å prøve ut nye tiltak basert på identifiserte behov. Døme på dette er etablering av e-sport tilbod som eit nytt fritidstilbod for ungdom i vår kommune. Sjølve e-sport satsinga er det mange kommunar som tidlegare har etablert, men for Bjørnafjorden har koplinga mellom funn i Ungdata-undersøkinga og ønskje om å utvide tilboda for aktiv fritid, bidrege til at e-sportssatsinga har kome på plass i godt og tett samarbeid med fleire av idrettslaga i kommunen.

VERD-SETT har bidrege til innovasjon i folkehelsearbeidet gjennom utvikling av ei felles og systematisk kompetanseheving for heile oppvekstområdet. På bakgrunn av kartlegging av behov hos dei tilsette vart nasjonale faglege retningslinjer og verktøy tekne i bruk som felles kunnskapsgrunnlag: Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet og Snakke med barn (RVTS)

Plan for Kompetanseheving

Det blei vedteke felles obligatorisk kompetanseheving for heile oppvekstområdet og kompetansehevinga var eige delprosjekt VERD-SETT. Parallelt med dette vart det vedteke at Bjørnafjorden kommune skulle ta i bruk BTI (Betre tverrfagleg innsats). Kompetansehevinga er ei samla og målretta opplæring i både retningslinja og BTI.

Kompetansehevinga hadde same innhaldet for alle tilsette og vart gjennomført av dei same ressurspersonane. I tett samarbeid med barnehagane, skulane og fagtenestene fekk vi på plass ein plan for organisering og gjennomføring av kompetansehevinga:

- Barnehagane nytta utviklingsdagar, pedagogsamling og personalmøte til opplæring
- Skulane nytta utviklingstid for lærarane
- Fagarbeidarar i skulen fekk opplæringa på ein utviklingsdag
- Støttetenestene fekk kompetansehevinga på eigne samlingar.

Denne organiseringa og gjennomføringa har bidrege til:

- Betre samhandling og samarbeid på tvers på oppvekstfeltet.
- Betre systematikk i arbeidet
- Tydelegare struktur og organisering
- Felles kunnskapsgrunnlag på tvers av tenester
- Innføring av felles verktøy (BTI)

Ressursteam i barnehage og skule er viktige arenaer for tverrfagleg samarbeid. Ved hjelp frå forskingsmiljøet gjennomførte vi ein base-line for å få innsikt i korleis Ressursteama vart gjennomført og fungerte i barnehage og skule i kommunen. Vi var ein nyetablert kommune og hadde vore gjennom covid-perioden så status på base-line viste store variasjon, skilnad og «strekk i laget» i arbeidet med Ressursteam.

Kartlegginga viste at Ressursteam ikkje fungerte slik intensjonen var.

Gjennom involvering av fagmiljø og ein samskapande prosess («digikok») vart det utvikla nye rutinar og arbeidsmåtar. Målet med Ressursteama var likeverdig praksis, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. System omkring Ressursteama skulle i nokon grad bidra til innovasjon og nyskaping, men på dette området har vi ikkje lukkast. Arbeidet med å vidareutvikle ressursteam har fortsett etter at VERD-SETT ble avslutta.

5. TILTAK OG AKTIVITET

5.1. Sentrale aktivitetar og justeringar

I prosjekt VERD-SETT har det vore stort fokus på tverrfagleg samordning, sikre heilskaplege satsingar, sjå samanheng med nasjonale føringar, interne endringar (Kommunesamanslåing og etablering av Familiens hus) og prosjekt VERD-SETT. Dei fleste av tiltaka skulle bli gjennomført i barnehage og skule så det var avgjerande å få etablert god dialog og sikre involvering frå praksisfeltet for å kunne gjennomføre aktivitetane i prosjektet. Barnehage og skule hadde pågåande satsingar og utviklingsarbeid så vi brukte tid på å finne felles løysingar på korleis prosjekt VERD-SETT og det systematiske folkehelsearbeidet kunne bli ein del av arbeidet i barnehage og skule. Folkehelse er eit overordna arbeid og vi fekk positive erfaringar i samarbeidet med barnehage og skule. Omgrepet folkehelse er no integrert i kvalitetsarbeidet i barnehage og skule.

rosjekt VERD-SETT var eit omfattande prosjekt med fleire delprosjekt. Dei mest omfattande delprosjekta var Sjøast i morgon, arbeidet om skulenærvær/skulefråvær og Ungdata arbeidet. Arbeidet rundt skulefråvær er eit nasjonalt tema som er samansett og komplekst. Undervegs i prosjektperioden fekk kommunen invitasjon til å delta i pilotstudien Back2School. Dette medførte at arbeidsgruppa SIM-skulefråvær fekk ei endra samansetting og innhaldet i delprosjektet ble justert til inn og utvikla etter framdrifta i pilotstudien. Kommunen sitt team i Back2School og prosjektleiar

etablert ei arbeidsgruppe omkring skulefråvær. Gjennom deltakinga i B2S ble delprosjektet eit «hovudprosjekt» på oppvekstområdet og kontaktpersonar i Norce fekk ei meir sentral rolle og bidrog konkret i delprosjektet.

Delprosjektet Ungdata fekk ei sentral plass i prosjektperioden. I samarbeid med KoRus fekk vi god rettleiing og inspirasjon og det medførte fleire store aktivitetar i dette arbeidet. Ungdata fekk ein sentral plass i kommunen og særleg skuleområdet fekk eit tett samarbeid med arbeidsgruppa Ungdata og spesielt SLT-koordinator. SLT-koordinator har fått ei viktig rolle i arbeidet med oppfølginga av resultata. SLT-arbeidet har fått ein større plass i det systematiske folkehelsearbeidet. Ungdata har vore eit sentralt delprosjekt i heile prosjektperioden og har fått større merksemd hos den administrative- og politiske leiinga.

Det har vore endringar i prosjektleiinga, prosjektgruppa og arbeidsgruppene i dei ulike delprosjekta. Det har vore naturlege utskiftingar då folk går over i andre jobbar, sluttar i kommunen eller får andre arbeidsoppgåver. I tillegg har vi gjort nokre justeringar i samansetting av prosjektgruppa og arbeidsgruppene undervegs etter evaluering og justering av delprosjekta.

E-sport var ikkje ein del av søknaden, men ble eit nytt delprosjekt etter oppfølging av Ungdata resultata. Dette prosjektet var eit kort prosjekt som ble avslutta før prosjektperioden.

5.2. Ressursbruk

Kommunen fekk tildelt 3.140.000kr i total ramme. Ved prosjektslutt ble midlar, som ikkje var nytta, tilbakeført. Den største delen av midlane gjekk til løn og sosiale utgifter til dei i prosjektleiinga. Deltakarane i prosjektgruppa og arbeidsgruppa var ikkje frikjøpt frå sine arbeidsoppgåver. I arbeidet med etablering av e-sport ble ein ressursperson på fagfeltet frikjøpt ei kort tid. Innsatsen i prosjektgruppa og arbeidsgruppa var eit felles bidrag til å utvikle tverrfagleg samordning og det systematiske folkehelsearbeidet.

Prosjektleiinga deltok på nasjonal folkehelsekonferanse på Hamar hausten 2022 og nokre tilsette i Ungdomsteamet deltok på Ungdata konferansen i Oslo hausten 2022 der tema var digitale Ungdomsliv. Deltaking på desse konferansane var inspirerende, lærerik og nyttig. Vi etablerte kontakt med andre ressurspersonar i andre kommunar.

Det ble også nytta prosjektmidlar inn i arbeidet med skulefråvær og deltakinga i pilotstudien Back2School.

Vi har nytta prosjektmidlar til utarbeiding av samtalekorta og trykking av plakatar og materiell til «trekanten- Barnets behov i sentrum» som er blitt eit felles verktøy i det tverrfaglege arbeidet.

6. SAMARBEID OG FORANKRING

6.1. Samarbeid i kommunen

Arbeidet med VERD-SETT har i stor grad vore prega av samarbeid på tvers av sektorar, både i planlegging, gjennomføring og oppfølging av dei ulike delprosjekta. Initiativet til deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane kom frå Arbeidsgruppa for folkehelse, ved folkehelsekontakten og

kommuneoverlegen. Då målgruppa for prosjektet var barn og unge, vart arbeidet forankra i oppvekstsektoren, som seinare tok over søknaden og prosjektleinga.

Fleire av delprosjekta i VERD-SETT har vore tydeleg tverrsektorielle, og har involvert både interne fagmiljø og eksterne samarbeidspartnarar. Dette har bidrege til betre samordning av innsats og eit meir heilskapleg folkehelsearbeid i kommunen.

Eit sentralt døme er arbeidet med Ungdata. Her var SLT-koordinator leiar for arbeidsgruppa, som var sett saman på tvers av sektorar: tilsette frå kultureininga (samfunnsutvikling), psykisk helse og rus (helse og velferd), representant frå vidaregåande skule og fleire frå oppvekstområdet. Ungdata-tala er eit viktig kunnskapsgrunnlag i folkehelsearbeidet, og det tverrsektorielle samarbeidet har styrka både analysen av data og oppfølginga av resultata.

Også i delprosjektet e-sport har samarbeid på tvers vore avgjerande. Her har oppvekst samarbeidd tett med kultureininga, som har ansvar for fritidstilbod og kontakt med frivillige lag og organisasjonar. Kultureininga hadde samtidig ei politisk bestilling om å utvikle ein e-sportstrategi. Dette førte til felles møteplassar og koordinert innsats, mellom anna gjennom dialog med idrettslag i kommunen, kontakt med fagmiljø utanfor kommunen og presentasjonar for Idrettsrådet. Samarbeidet bidrog til å sjå tiltaket i samanheng med eksisterande fritidstilbod og frivillig sektor.

Gjennom fleire av delprosjekta har ein også styrkt det interne tverrfaglege samarbeidet i oppvekstsektoren. Arbeidet med kompetanseheving, ressursteam og inkluderande praksis har involvert barnehage, skule, PPT og andre tenester, med mål om å utvikle felles system og praksis. Samstundes har det vore samarbeid med helse og velferd, særleg i oppfølging av barn og unge med samansette behov og utvikling av BTI.

Folkehelseperspektivet i VERD-SETT har bidrege til å løfte fram behovet for heilskapleg og førebyggjande innsats. Prosjektet har skapt fleire møteplassar på tvers av sektorar og nivå, inkludert administrative og politiske arenaer. Involvering av frivillig sektor, føresette og ungdomane sjølve har også styrkt breidda i samarbeidet.

Samla sett har VERD-SETT bidrege til:

- felles forståing og kunnskapsgrunnlag om det systematiske folkehelsearbeidet
- auka forståing for kvarandre sine roller og ansvar på tvers av sektorar
- betre bruk av felles kunnskapsgrunnlag, særleg gjennom Ungdata
- meir koordinerte tiltak for barn og unge
- etablering av nye samarbeidsarenaer internt og eksternt

Sjølv om vi hadde fleire av samarbeidsstrukturane frå før (til dømes SLT), har prosjektet styrkt og vidareutvikla desse. VERD-SETT har dermed vore ein viktig pådrivar for meir systematisk og forpliktande tverrsektorielt samarbeid i kommunen, særleg innan arbeidet med barn og unge og folkehelse generelt.

6.2. Sektorplan Oppvekst

Gjennom prosjektet har kommunen fått ei felles forståing av folkehelseperspektivet i arbeidet med barn og unge, og eit felles kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling. Folkehelseperspektivet blir vidareført som ein naturleg del av sektorplanen for oppvekst.



Figur 9 Framside sektorplan Oppvekst

Folkehelse og livskvalitet

Barn og unge opplever inkluderende og trygge oppvekstmiljø som fremjar folkehelse og livskvalitet. Dei opplever å høyre til i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar.

Vi skal oppfylle barn og unge sin rett til medverknad og arbeidar for å redusere utanforskap og sosiale skilnader.

Slik vil vi ha det:

- Barn og unge opplever eit trygt og godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø.
- Barn og unge møter trygge, omsorgsfulle og tydelege vaksne i liv sine og det er godt samarbeid mellom heimen og dei ulike arenaene som barnet deltar på.
- Barn og unge opplever at dei er gode nok som dei er, og at barndommen har ein eigenverdi.
- Nulltoleranse for utestenging, krenking, mobbing, diskriminering og trakassering.
- Barn, unge og familiar treffast på gode møteplassar som skapar vennskap, samhald og bidrar til å bygge nettverk.
- Barn og unge set pris på, og er stolt av, heimstaden sin. Dei opplever at naturen, kulturen og næringslivet i lokalsamfunnet blir brukt for å gje barn, unge og familiar eit variert tilbod.
- Barn og unge blir involvert og høyrd, og synspunkta deira blir lagt vekt på i avgjersler som gjeld dei.
- Alle oppvekstarenaene til barn og unge har fokus på å fremje god fysisk og psykisk helse.

Slik gjer vi det:

- Alle vaksne skal førebygge og arbeide for å motverke utanforskap, utestenging, krenking, mobbing, diskriminering, trakassering og sosial skilnad.
- Alle barn får delta på fritidsaktivitetar gjennom gode økonomiske ordningar for inkludering.
- Allsidige og godt tilrettelagte møteplassar for barn og ungdom.
- Legg til rette for tilgjengelege, gode turområde og leikemiljø.
- Barn og unge blir møtt av vaksne som ser dei og støttar dei fagleg, sosialt og emosjonelt.
- Det er tilbod om rettleiing som støttar og styrker føresette i foreldrerolla.
- Faste strukturar for samarbeid mellom idrettslag, kultur og kommunale tenester.
- Føresette vert oppmoda om å delta og bidra på barn og unge sine oppvekstarenaer.
- Det er samarbeid mellom næringsliv/lokalsamfunn og barnehage/skule.
- Barn og unge blir involvert i planlegging og utvikling av det fysiske- og psykososiale miljøet som dei er en del av.
- Det blir arbeid for gode transporttilbod for barn og unge.

Figur 8 Bilete av kapittel Folkehelse og livskvalitet

I tillegg blir erfaringar frå prosjektet delte gjennom:

- presentasjonar i kommunen og i politiske organ
- møte med FAU og andre samarbeidsarenaer
- filmar, faglege innlegg og digitale ressursar samarbeid med eksterne fagmiljø og nettverk

6.3. Arbeidsgruppa folkehelse

Oppvekstområdet er representert i den tverrsektorielle folkehelsegruppa i kommunen. Denne gruppa arbeider med det fireårige oversiktsdokumentet for folkehelse, som gir samla oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. Dokumentet blir lagt fram for politiske råd og kommunestyret, og er ein viktig kanal for deling av kunnskap og prioriteringar.

6.4. Samarbeid med forskning og kunnskapsmiljø

Sjølv om evalueringa i hovudsak har vore intern, har prosjektet hatt samarbeid med forskingsmiljø:

- Norce har bidrege med fagleg støtte
- Psykologistudentar i samfunnspraksis har levert kunnskapsgrunnlag og rapportar
- Deltaking i forskingsprosjekt (B2S/BACK-studien) har tilført ny kunnskap og forskning på fagfeltet
- KoRus bidrog i Ungdata arbeidet med rettleiing, inspirasjon, fagleg støtte og analyse arbeid av resultata.

Dette har styrka kvaliteten på både tiltak og vurderingar.

Fleire forskings- og kompetansemiljø har bidrege aktivt i utviklinga av tiltaka i VERD-SETT, både gjennom fagleg støtte, samarbeid og deltaking i konkrete delprosjekt.

6.3.1. Forskingsinstituttet NORCE

Bjørnafjorden kommune inngjekk ein samarbeidsavtale med NORCE ved seniorforskar Kristin Askeland. Føremålet var å styrkje innsiktsarbeid, kunnskapsgrunnlag og evaluering i prosjektet.

NORCE bidrog med:

- fagleg rettleiing i utvikling av «baseline» for å etablere eit godt utgangspunkt før oppstart av tiltak
- støtte til seinare måling av effekt gjennom ny kartlegging
- fagleg formidling, mellom anna gjennom ein presentasjon om VERD-SETT og skulefråvær på utviklingsdag for oppvekstområdet i november 2021
- samarbeid i arbeidet med film om skulefråvær

Denne presentasjonen vart viktig for forankring av det vidare arbeidet. Samarbeidet med NORCE har gitt tilgang til oppdatert kunnskap og forskingsbasert innsikt, noko som har styrkt kvaliteten i prosjektet.

I prosjektperioden fekk Kristin Askeland ei meir sentral rolle i delprosjektet om skulefråvær. Ho vart ein viktig fagleg samarbeidspartnar i arbeidet med skulefråvær og gjennom deltakinga i Back 2 School. Gjennom NORCE fekk Bjørnafjorden kommune invitasjon til å delta i ein pilotstudie i regi av RKBU Vest, i samarbeid med fleire andre universitet og fagmiljø nasjonalt. Pilotstudien var ei utprøving av den danske Back2School (B2S) i Noreg. Studien skulle prøve ut den danske manualen «Back2School (B2S)» i Noreg.

Kommunen etablerte eit tverrfagleg team, 3 tilsette frå Familiens hus, frå PPT, Førebyggjande helseteneste og ungdomsteam. Teamet fekk opplæring og rettleiing i B2S manualen.

Deltakinga i pilotstudien sikra kommunen ny og oppdatert kunnskap om forskinga på fagfeltet.

Gevinst ved deltakinga var:

- oppdatert forskingsbasert kunnskap om skulefråvær
- tilsette med kompetanse innan angst, depresjon og foreldrerettleiing
- spissa kompetanse på tiltak og metodikk for å redusere skulefråvær
- Kompetansen gir ny innsikt og vil bidra inn i tiltaksutviklinga for det forebyggjande og universelle arbeidet i kommunen.

Invitasjon til deltagelse i pilotprosjekt

BACK 2 SCHOOL

Hjelpetiltak ved problematisk skolefråvær

Problematisk skolefråvær er en stor utfordring for mange unge, deres foreldre, skoler og hjelpetjenester. Konsekvensene av langvarig fravær er store. Erfaring og forskning tyder på at intervensjoner må foregå på ulike arena for å ha effekt.

Hva er Back2School

Back2School (B2S) er et evidensbasert, dansk tiltak, for bekymringsfullt skolefravær. Formålet er å hjelpe den unge i gang på skolen gjennom fokus på barnet, familien og skolen.

B2S er basert på kognitiv atferdsterapi og innebærer intensivt arbeid over 3-4 måneder.

Norsk utprøving av tiltaket

I Norge ønsker vi nå å prøve ut B2S i en pilotstudie. Det innebærer at team bestående av 3 personer fra en kommune får gratis opplæring og veiledning i manualen, mot å rekruttere 3 barn/ unge som manualen blir gjennomført på innen slutten av skoleåret 2022-2023.

[Les mer om Back 2 School her](#)

Opplæring går over 5 dager i mars 2022

Høres dette interessant ut og aktuelt for deg og/eller din kommune?

Ta kontakt med en av oss i prosjektgruppa for mer informasjon og påmelding

RBUP Øst-sør: [Simon Peter Neumer](#)
RKBU Vest: [Kristin G. Askeland](#)
UIB: [Bente S.M. Haugland](#)
UIS: [Trude Havik](#)
RKBU Midt-Norge: [Jo Magne Ingul](#)
UIT: [Toril Serheim Nilsen](#)
RKBU Nord: [Erode Adolfsen](#)
RKBU Nord: [Henriette Kyrrestad](#)

Fordeler ved deltagelse:

- Kommunen får ansatte som har grunnutdanning i angst, depresjon og foreldreveiledning som kan være nyttig i andre saker
- Kommunen får ansatte med spisset kompetanse på skolefravær og metodikk for å redusere dette
- Denne kompetansen kan spres videre utover til andre ansatte, og foreldre i kommunen i neste omgang

Logos for RBUP, NTNU, NORCE, UNIVERSITETET I BERGEN, UIT Norges, and UIT RKBU Nord.

Figur 10 Invitasjon til deltaking Back2School

Pilotstudien vart gjennomført i 2022–2023, der Bjørnafjorden var ein av åtte deltakarar. Kommunen deltek no vidare i BACK-studien som ein av to kommunar, ein randomisert kontrollert studie (RCT) som skal undersøkje effekt av metoden i Noreg. Back-studien blir avslutta i 2028.

6.3.2. KoRus (Kompetansesenter for rusfeltet)

I samband med gjennomføring av Ungdata undersøkinga vart det etablert eit utvida samarbeid med KoRus. Føremålet var å styrkje analysen av resultata og utvikle god praksis for oppfølging.

KoRus bidrog med:

- fagleg støtte i analyse av Ungdata
- rettleiing i korleis resultata kan nyttast i systematisk folkehelsearbeid
- inspirasjon gjennom erfaringar frå andre kommunar

KoRus deltok også aktivt i formidling og kunnskapsdeling gjennom presentasjon av Ungdata-tal på fagdagen: «Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden» i kommunen og gjennom deltaking på ulike faglege møteplassar der VERD-SETT vart presentert.

Gjennom dialog og samarbeid tok KoRus initiativ til filmen: [– Vi må ta statistikken ut av skuffen | KORUS](#). Filmen ligg på UngData sine nettsider som inspirasjon til andre kommunar.

6.3.3. Andre forskings -og kompetansemiljø

Universitetet i Bergen og studentar i praksis

Gjennom samarbeid med Universitetet i Bergen tek kommunen årleg imot psykologistudentar i samfunns psykologisk praksis. I VERD-SETT bidrog studentane ved å:

- gjennomføre fokusgruppeintervju i Ungdata-arbeidet
- utarbeide praksisrapportar
- kunnskapsgrunnlag

Studentane sin rettleiar var Kristin Askeland ved Norce, noko som bidrog til fagleg kvalitet og samanheng i prosjektet.


RVTS

Bjørnafjorden kommune har vore i dialog med RVTS (Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging) om innhaldet i delprosjektet Plan for kompetanseheving.

I samband med delprosjektet «Plan for kompetanseheving» vart kommunen invitert til å delta på ein inspirasjonskonferanse i regi RVTS der prosjektet vårt vart presentert som døme på systematisk kompetanseutvikling i oppvekstsektoren

Samla sett har samarbeidet med forskings- og kompetansemiljø bidrege til:

- sterkare fagleg forankring av tiltaka



Figur 11
Framsider
kommunerapport
Ungdata junior og
Ungdata

- meir systematisk bruk av kunnskap og data
- utvikling av kompetanse hos tilsette
- tettare kopling mellom praksis og forskning

Dette har vore avgjerande for kvaliteten og utviklinga av VERD-SETT.

7. EVALUERING OG FORSKING

Gjennom Program for folkehelsearbeid i kommunane fekk prosjektleinga invitasjon til ein fagsamling omkring evaluering. Dette var ei nyttig og lærerik samling. Vi fekk kjennskap til Rettleiaren i eigenevaluering som er utarbeida for å støtte kommunar og fylkeskommunar som gjennomfører prosjekt i regi Folkehelseprogrammet. Dette ble eit nyttig verktøy då prosjektgruppa hadde lite kunnskap og erfaring med eigenevaluering av prosjekt i kommunen.

Evaluering har vore ein viktig del av arbeidet i VERD-SETT, med mål om både å lære undervegs og vurdere om tiltaka fungerer slik dei var tenkte.

7.1. Type evaluering og gjennomføring

I prosjekt VERD-SETT var målsettinga tydeleg og konkret, men det var eit samansett prosjekt som medførte at det var fleire tiltak parallelt. Evalueringa har i hovudsak vore eigenevaluering, intern evaluering. Det har vore størst fokus på prosessevaluering, men det er også gjort effektevaluering i nokre av delprosjekta.

Evalueringa har i stor grad hatt form av «prosessevaluering», der vi har sett på:

- kva tiltak som er gjennomførte
- korleis dei er gjennomførte
- kva som har fungert godt og mindre godt

I nokre delprosjekt er det også gjennomført «effektevaluering», til dømes i arbeidet med ressursteam. For fleire av tiltaka er det vanskeleg å måle effekt i løpet av prosjektperioden. Effekten av førebyggjande arbeid kjem ofte over tid, og det kan vere utfordrande å sjå ein direkte samanheng mellom tiltak og resultat. Det har vore vanskeleg å måle effekt i løpet av prosjektperioden. Effekten eller gevinsten blir ofte identifisert og tydeleg etter tiltaket vart etablert og sett i drift. Samstundes erfarte vi at det var vanskeleg å vurdere ei direkte samanheng mellom tiltak og effekt.

Baseline og målingar

For å få eit betre grunnlag for evaluering vart det utvikla eigne «baseline»-målingar:

- for ressursteam i barnehage og skule
- for registrering av skulefråvær

Baselinemålingar tek utgangspunkt i ressursteama si noverande rolle, organisering og fungering i skule og barnehage. Eigne, digitale spørreskjema ble utarbeidd. Undersøkinga ble gjennomført til barnehage- og skuleleiinga. Tilbakemeldingane viste store variasjonar av ressursteama både på

barnehage- og skuleområdet. Desse målingane gir eit bilete av situasjonen før tiltak og kan nyttast til samanlikning og vurdering av endring over tid. Deler av spørjeskjemaet kan også brukast i evaluering undervegs.

Målet om likeverdig praksis var eit stykke unna. Ressursteam barnehage var i regi PPT og dei andre fagtenestene. Det ble gjort endringar i rutinen etter «digikoken» og desse ble prøvd ut. Vi fekk ikkje den positive effekten som vi hadde ønska så system og rutine ressursteam barnehage ble på nytt drøfta og justert.

Kvifor eigenevaluering?

Valet av eigenevaluering heng saman med at prosjektgruppa har vore tett på arbeidet og hadde god innsikt i tiltaka. Dette gjer det lettare å fange opp detaljar og justere kurs undervegs.

Prosjekt VERD-SETT var forankra i heile organisasjonen og i kommuneleiinga. Målsettinga av avklart og vi hadde tru på denne gode forankringa og tydelege mål skulle vere ein god start på evalueringa. I prosjekt VERD-SETT valde vi eigenevaluering, intern evaluering. I intern evaluering er det liten avstand mellom evalutør og tiltak. Det er store moglegheiter for refleksjon, læring og styrking av tiltaket undervegs i prosessen.

Dette innebar at tiltaka ble evaluert i prosjektgruppa og ut i tenestene der tiltaka ble prøvd ut. Prosjektgruppa vurderte at dette var eit godt val då dei involverte hadde god oversikt over alle detaljer, ei oversikt som eksterne vanskeleg kan skaffe seg.

Samtidig er vi merksam på utfordringar ved intern evaluering:

- det kan vere vanskeleg å sjå eigne blinde flekkar
- det kan oppstå fare for å overvurdere positive resultat
- strukturelle forhold kan bli tekne for gitte

Trass i dette gir eigenevaluering gode moglegheiter for refleksjon, læring og utvikling undervegs som har vore viktig i VERD-SETT.

Vi erfarte at eigen evalueringa ikkje var så lett å gjennomføre og vi ser i ettertid at vi skulle satt av meir tid til systematisk evaluering på alle nivå i prosjektet. Det var mange detaljer, det var stor engasjement og då var det vanskeleg å ta på seg rolla som evalutør og kunne vurdere kva som fungerte og kvifor og kva som kunne vore annleis og korleis. Vi ser i ettertid at det kunne vore nyttig med eit evalueringsblikk frå utsida.

Evalueringa har teke utgangspunkt i fleire sentrale spørsmål:

- I kva grad har vi nådd måla våre?
- Kva tiltak og handlingar har gitt resultat?
- Kva har hjelpt oss framover, og kva har vore hindringar?
- Kva for effektar – både planlagde og ikkje-planlagde – ser vi?
- Korleis kunne utviklinga vore utan tiltaka?

7.2. Hovudfunn frå evalueringa

Evalueringa peikar på fleire sentrale resultat frå delprosjekta:

Skulefråvær (SIM/B2S):

- Vi fekk etablert felles rutine for elektronisk fråværsregistrering gjennom IST Home. Eit viktig grunnlag for elektronisk fråværsregistrering var at alle skulane måtte leggje inn timeplanen i IST. Fleire skular hadde behov for hjelp og støtte i dette arbeidet.
- Tiltakspakka skulefråvær, SIM-permen, var utarbeida i Os kommune i 2017. I evalueringa kom det fram at det var behov for ei felles handlingsretteleiar for skulefråvær i Bjørnafjorden kommune. Handlingsretteleiar skulle vere forskings- og kunnskapsbasert. Deltakinga i B2S og samarbeidet med NORCE var viktig i dette arbeidet. Arbeidet med Handlingsretteleiar skulefråvær er i prosess
- Gode tilbagemeldingar på Samtalekorta som ble utarbeida som kartleggingsverktøy i oppfølging av skulefråvær. Dette kartleggingsverktøyet ble vi kjend med gjennom Færder kommune sitt arbeid med skulefråvær. I prosjekt VERD-SETT ble desse korta vidareutvikla i samarbeid med ein lokal kunstnar som illustrerte korta
- Det er utarbeida nokre filmar, til internt bruk, som modellerer korleis ein kan nytte desse Samtalekorta i kartlegging og undersøking.



Figur 12 Samtalekort

Ungdata:

- Vi fekk utarbeida eit felles system og rutine for førebuing, gjennomføring og oppfølging av Ungdata resultata. Ungdata undersøkinga har vore gjennomført i fleire år i kommunen, men kommunen har ikkje hatt eit system for gjennomføring og oppfølging av denne undersøkinga. Resultata har vore følgt opp, men gjennom VERD-SETT har vi fått på plass eit system som sikrar grundig analyse av tale som gjev kommunen ny innsikt som blir eit godt kunnskapsgrunnlag for å gjere prioriteringar og kunne setje inn treffsikre tiltak.
- I evalueringa kom det fram at arbeidet med fokusgruppeintervjua i oppfølginga av resultata var nyttig. Elevane satt stor pris på at vi kom ut på skulane der vi snakka og reflekterte med elevane om det å vere ung i Bjørnafjorden.
- Tilbakemeldingane på Fokusdag UngData, involvering av elevar, presentasjon av resultata på heile oppvekstområdet og for foreldre og FAU har vore veldig positive.
- Gjennom UngData har oppvekstområdet fått ein sentral plass i det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet i kommunen. Representantar frå arbeidsgruppa Ungdata er med i den tverrsektorielle folkehelse arbeidsgruppa i kommunen.
- Det politiske nivået i kommunen har gitt gode tilbagemeldingar på analyse og presentasjon av Ungdata tala. Desse er eit viktig kunnskapsgrunnlag for det politiske nivået når det gjeld prioriteringar i det forebyggjande arbeidet i kommunen.
- Ungdata tala er sentrale i oppvekst- og folkehelseprofilane som vi aktivt har tatt i bruk i ulike møtefora.



Fagfolket: f.v. skulesjef Janne M. Eik, ruskonsulent Carl-André Dahl, Familiens hus-leiar Linda Hevrøy og leiar for Førebyggjande helsetenester, Marita Måge.

Figur 13 Fagfolk på oppvekstområdet

[Ungdata 2024: Kva tenker fagfolket om det unge bjørnafjordingar fortel? - Bjørnafjorden kommune](#)

Ressursteam:

- Evalueringa viser eit tydeleg behov for meir system og struktur.
- Base-line, Digikok og evalueringa har gitt oss tydelege svar på at det er store variasjonar i organisering og gjennomføring av ressursteama i barnehage og skule. I dette delprosjektet er vi eit stykke unna måloppnåing. Målet var likeverdig praksis, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Det har tatt tid å bli samde om eit felles system og rutine.
- Ressursteam barnehage blir vidareført i prosjekt Tidleg innsats 0-6 år i Innsatstrappa.
- Utvikling av Ressursteam skule blir jobba vidare med på oppvekstområdet.

Plan for kompetanseheving:

- Tiltaket har fått gode tilbakemeldingar. Kursa har vore obligatorisk for alle tilsette som arbeidar med barn og unge. Det er utvikla eit felles fagleg kunnskapsgrunnlag. Det er laga system for å følgje opp nytilsette. Arbeidet er vidareført i BTI, med fokus på tidleg innsats.
- Eit vellykka delprosjekt der vi har fått gjennomført som planlagt og fått måloppnåing.
- Prosessen rundt organisering og gjennomføring av kompetanseheving for alle tilsette har vore god. Tilbakemeldingane er udelt positive. Denne modellen for gjennomføring og organisering av felles kompetanseheving vil kunne bli nytta i andre utviklingsarbeid på oppvekstområdet.

E-sport:

- Har bidrege til nye samarbeidsformer og utvikling av aktivitetstilbod for ungdom.
- Delprosjektet E-sport ble etablert etter oppfølging av Ungdata resultata.
- Det har ikkje vore gjennomført nokre systematisk evaluering av dette delprosjektet, men vi har fått positive tilbakemeldingar på at prosjekt VERD-SETT fekk etablert eit E-sport tilbod i Bjørnafjorden kommune.

8. RESULTAT OG MÅLOPPNÅING

8.1. Resultat – kriteria og mål

I prosjekt VERD-SETT hadde vi fleire delprosjekt. Resultat og måloppnåing er relativt gode og vi er nøgde.

Sjåast i morgon- arbeidet med skulefråvær

Vi har fått på plass elektronisk fráværregistrering og rutine for oppfølging av frávær. Denne rutinen vil bli jobba vidare med i Innsatstrappa i Bjørnafjorden kommune.

Samtalekorta er blitt eit nyttig verktøy i arbeidet med skulefråvær.

Deltaking i Back2School og vidare BACK-studien har gjeve kommunen ny kunnskap om forskning på fagfeltet og kompetanse. Kommunen har eit etablert samarbeid med NORCE og andre involverte forskingsmiljø fram til 2028.

Ungdata

Vi har fått på plass eit system og gode rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av resultata. Dette grundige arbeidet er implementert i kommunen og vil bli nytta i Ungdataundersøkinga 2027. Tverrfagleg arbeidsgruppa for Ungdata 2027 er pr.no etablert og det er ei «attraktiv» arbeidsgruppe som det er lett å rekruttere til. Ungdata arbeidet har eit positivt omdømme i kommunen. Det vil bli etablert samarbeid med KoRus. Gode erfaringar med å lage film omkring resultata, arrangere Fagdag «Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden», invitere til stor-FAU møte og andre møtefora vil bli vurdert i Ungdata 2027.

Ressursteam i barnehage og skule

I dette delprosjektet har vi ikkje fått dei resultat og måloppnåing som ønska. Målet med likeverdig praksis var meir samansett enn forventa. Ressursteam barnehage er eit prosjekt under Innsatstrappa, Tidleg innsats 0-6 år, og ny rutine vil bli klar hausten 2026. Ressursteam skule er i prosess og målet er at vi er på plass med ny rutine i løpet av hausten 2026.

Ressursteama vil bli ein del av BTI-modellen i Bjørnafjorden kommune.

Plan for kompetanseheving

Dette delprosjektet er gjennomført etter planen og måloppnåing som ønska. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå dei tilsette. Innhaldet er ein del av BTI -verktøyet. Det har ikkje vore etablert eit samarbeid med forskning- og kompetansemiljø, men vi har nytta råd frå RVTS.

E-sport

Dette delprosjektet var ikkje ein del av søknaden til Program for folkehelsearbeid i kommunane. Delprosjektet er eit resultat av analysearbeidet i Ungdata. Delprosjektet har tilført kommunen eit nytt fritidstilbod. Prosjektet ble realisert gjennom eit godt samarbeid med kultureininga, Idrettsrådet og idrettslaga. Det har ikkje vore eit samarbeid med forskning- eller kompetansemiljø, men gjennom deltaking på Aktive Gamere konferansen fekk vi etablert kontakt med idrettslag i Bergen kommune som delte sine erfaringar med e-sport. Dette var viktig og inspirerende.

8.2. Utvikling av kommunen sitt systematiske folkehelsearbeid

VERD-SETT har i stor grad styrka det systematiske folkehelsearbeidet i kommunen.

Deltakinga i Program for folkehelsearbeid i kommunane har gitt heile oppvekstområdet ei felles forståing av kva folkehelse er, og kva ansvar tenestene har. Folkehelseperspektivet er no ein naturleg

del av utviklingsarbeid og satsingar, og det er tydeleg at oppvekstområdet har fått eit særleg løft. Samstundes har arbeidet hatt positive ringverknader for heile kommunen.

Tilsette opplever at folkehelse har fått større merksemd i kvardagen. Erfaringar frå praksis viser at prosjektet har bidrege til at ein snakkar meir om folkehelse, og at tiltak som Innsatstrappa støttar opp under dette arbeidet. Fleire av delprosjekta er også vidareførte, noko som gjer at arbeidet held fram over tid.

Arbeidet har styrkt det systematiske folkehelsearbeidet på fleire måtar:

- betre kopling mellom utfordringsbilete og tiltak, særleg gjennom aktiv bruk av Ungdata
- auka medvit om oppvekstsektoren sitt ansvar for folkehelse
- god forankring i leiinga
- utvikling av strukturar for styring og kvalitet, som prosedyrar, årshjul og rapportering
- tett samarbeid i den tverrsektorielle folkehelsegruppa
- utvikling av tiltak basert på lokale behov, mellom anna gjennom Innsatstrappa
- Gjennom deltakinga i Folkehelseprogrammet har vi meir kunnskap om ressursar og nyttige verktøy.
- Oppvekst- og folkehelseprofilane er aktivt tatt i bruk i kommunen.
- Oppvekstområdet har tatt imot fleire studentar i Folkehelsearbeid.

Samarbeidet mellom prosjektleiinga i VERD-SETT og folkehelsegruppa har vore særleg viktig. Det har bidrege til auka kompetanse og eit meir målretta arbeid med folkehelse på tvers av sektorar. Oppvekst- og folkehelseprofilar blir no aktivt brukte som kunnskapsgrunnlag i planlegging og prioritering.

Prosjektet har også sett meir fokus på behovet for evaluering som ein del av det systematiske arbeidet. Dette gir betre grunnlag for læring, utvikling og vidare prioriteringar.

Samla sett har VERD-SETT styrkt kommunen si evne til å arbeide kunnskapsbasert, systematisk og langsiktig med folkehelse.

8.3. Integrering av det psykisk helse og rusførebyggjande arbeidet i folkehelsearbeidet

VERD-SETT har i stor grad bidrege til å integrere psykisk helse og rusførebygging i det systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Arbeidet er forankra både i struktur, samarbeid og konkrete tiltak.

Eit viktig element har vore tett kopling til SLT-arbeidet (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak). SLT-koordinator har hatt ei sentral rolle og har vore tett på prosjektet. VERD-SETT er presentert og drøfta både på koordinerande og utførande nivå, og dette har styrka forankringa og samordninga av innsatsen. SLT-koordinator var også leiar for Ungdata-arbeidsgruppa, noko som har sikra god kopling mellom kunnskapsgrunnlag og tiltak.

Fleire interne fagmiljø har vore involverte i arbeidet, mellom anna:

- Ungdomsteamet
- Utekontakten
- Rusfagleg konsulent
- Psykisk helseteam

Dette har bidrege til eit breitt og tverrfagleg perspektiv på både psykisk helse og rusførebygging.

Ungdata har vore eit særleg viktig verktøy. I arbeidsgruppa har det vore psykisk helse og rusfagleg kompetanse. Kommunen bestilte tilleggsspørsmål knytt til rus og psykisk helse og som har gjeve oss ny innsikt og eit felles kunnskapsgrunnlag. Dette gir betre grunnlag i tiltaksutviklinga. Arbeidet har styrka kompetanse og bruk av verktøy gjennom BTI (Betre tverrfagleg innsats), mellom anna «trekanten» Barnet sitt behov i sentrum.

Førebygging er også integrert i breiare tiltak og planar, til dømes:

- universelle tiltak i skulen
- handlingsplan for førebygging av sjølv mord
- samarbeid med KoRus og deltaking i faglege nettverk og systemarbeid
- Rusarbeid i skulen – samarbeid med KoRus, nettverk og SLT systemarbeid; [Rusforebygging i skolen | KORUS](#)


Eit konkret døme er samarbeidet med Antidoping Norge. Dette starta i 2021 etter fleire bekymringsmeldingar om dopingbruk. Kommunen etablerte ei styringsgruppe og eit trepartssamarbeid med treningssenter.

Arbeidet omfattar:

- informasjons- og opplæringstiltak for elevar, tilsette og politi
- samarbeid med treningssenter og idrettslag for å bli «reine» arenaer
- fokus på «den viktige samtalen» og oppfølging av enkeltpersonar

Dette viser korleis folkehelsearbeidet også omfattar førebygging av helserelatert åtfærd utover tradisjonell rusførebygging. I tillegg er psykisk helse og rus tett integrert i fleire strukturar og møteplassar, som:

- Ungdommens politiråd
- FAU-møte og felles samlingar
- Forvaltningsrevisjon- psykisk helse og rustenester til barn og unge
- Tiltak som UngArena, «Idrett for alle» og sommartilbod



Figur 14 Invitasjon til webinar for føresette om doping

9. LÆRINGSPUNKT OG ERFARINGAR

Erfaringane frå VERD-SETT gir fleire viktige læringspunkt. Erfaringar knytt til suksessfaktorar og utfordringar er viktige å ta med seg i andre utviklingsarbeid.

9.1. Suksess og utfordringar

Suksessfaktorar:

- brei forankring på alle nivå i organisasjonen, både administrativt og politisk
- felles eigarskap på tvers i kommuneorganisasjonen
- tett samarbeid med folkehelsegruppa

- prosjektleiing og prosjektgruppe med god oversikt og stort nettverk både i og utanfor kommunen
- tverrfagleg samarbeid og involvering av relevante aktørar
- aktiv bruk av kunnskapsgrunnlag som Ungdata
- tydelege strukturar og system (BTI, Innsatstrappa)
- nettverksbygging og erfaringsdeling mellom kommunane i regi av fylkeskommunen
- kjennskap og kontakt med forskings- og kompetansemiljøa

Erfaringane viser også kor viktig det er å arbeide langsiktig med folkehelse, og å sikre at prosjekt blir ein del av heilskapen i kommunen si verksemd.

Utfordringar:

- Mange parallelle satsingar og prosjekt har gjort arbeidet komplekst
- Behov for koordinering og samanheng mellom ulike initiativ
- Pandemien gav utfordringar med samarbeid og framdrift
- Avgrensa kapasitet til å nå ut til alle målgrupper
- Grundig evaluering krev tilstrekkeleg med kompetanse, tid og ressursar.

Forvaltningsrevisjonen

Erfaringane frå VERD-SETT er samanfallande med funn i forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisjonen av psykisk helse- og rustenester for barn og unge hausten 2025 viser at kommunen har fleire relevante tilbod, men at det framleis er behov for samordning og heilskapleg styring av innsatsen inn mot barn og unge. Det blir trekt fram behov for betre oversikt over samla innsats og styrka medverknad frå barn, unge og føresette. Dette blir mellom anna følgt opp gjennom bruk av BTI og det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeid.

9.2. Læringspunkt for andre kommunar

- Forankring i heile organisasjonen, både administrativt og politisk, er viktig for gjennomføringa og resultat.
- Kunnskap og bruk av evaluering bør bli prioritert.
- SLT-koordinator tett på Ungdata undersøkinga
- Etablere ein felles rutine og system for førebuing, gjennomføring og oppfølging av Ungdataundersøkinga.
- Involver elevar, tilsette, Ungdomsrådet og foreldre i deling av resultat Ungdata
- Inviter til felles fagdag: «Slik er det å vere ung i»
- Stormøte, både fysisk og digitalt, er ein nyttig metode for å nå ut til målgruppene.
- Film er eit godt medium i formidling.
- Viktig å etablere kontakt med forskings- og kunnskapsmiljøa, det kan opne «nye dører».

10. VIDAREFØRING OG IMPLEMENTERING


Tiltak i varig drift

Alle delprosjekta i VERD-SETT er førte vidare og inngår no i varig drift i kommunen.

Arbeidet med skulenærvær og skulefråvær blir vidareført gjennom deltaking i BACK-studien (Back2School), som er omtalt i rapporten. I tillegg er «Førebygging og reduksjon av skulefråvær» eit eige tiltaksområde i Innsatstrappa i Bjørnafjorden. Innsatstrappa er kommunen sitt rammeverk for

tenester og innsatsnivå, der målet er å styrkje det førebyggjande arbeidet på dei tidlege trinna. Dette skal redusere behovet for meir ressurskrevjande tiltak seinare. To av tiltaksområda i Innsatstrappa byggjer direkte på VERD-SETT:

- Ressursteam i barnehage (del av tidleg innsats 0–6 år)
- Førebygging og reduksjon av skulefråvær



Figur 15 Innsatstrappa Bjørnafjorden kommune

For Ungdata er det utvikla system og rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av undersøkinga. Desse rutinane blir vidareførte ved neste gjennomføring i 2027. Arbeidet sikrar at resultatane blir nytta systematisk i det førebyggjande arbeidet for barn og unge. Gjennom analyse, refleksjon og involvering av barn og unge får kommunen betre innsikt i kva som ligg bak tala. Arbeidet har også fått tillit på politisk og administrativt nivå, og blir brukt som grunnlag for prioriteringar.

Innhaldet i delprosjektet «Plan for kompetanseheving» er vidareført i BTI (Betre tverrfagleg innsats) i Bjørnafjorden kommune. Her inngår kompetanseheving, e-læringskurs og verktøy for tidleg oppdaging og innsats som ein del av det systematiske arbeidet. Alle tilsette har fått opplæring i BTI og tilhøyrande verktøy, og det er utvikla e-læringskurs som sikrar vidareføring og vedlikehald av kompetansen.

Delprosjektet e-sport er vidareført i Kultureininga, i samarbeid med idrettslaga i kommunen, og er no ein del av det ordinære fritidstilbodet.

Samla sett er tiltaka frå VERD-SETT godt forankra i kommunen sine strukturar og planar, og dei er integrerte i det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet spesielt retta inn mot barn og unge.

11. DELING OG FORMIDLING

11.1. Deling av resultat og læringspunkt

Det er ikkje utarbeida ein plan for deling og formidling, men det er lagt til rette for deling av erfaringar, resultat og læringspunkt frå VERD-SETT både internt i kommunen og til eksterne aktørar.

Filmar vi har laga i prosjekt VERD-SETT og om folkehelsearbeidet

Folkehelseoversikt 2023-2026 inviterer oss til å løfte blikket og samstundes dykke ned i detaljane

[Korleis står det til med folkehelsa i Bjørnafjorden? - Innsio | Bjørnafjorden](#)

Oppfølging resultat Ungdata

[Vi må ta statistikken ut av skuffen | KORUS](#)

“Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden 2024”

Ein februar dag i 2024 svarte 2614 barn og unge i Bjørnafjorden kommune på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med. Resultatet av heile undersøkinga er samla i Ungdata-rapporten.

Vi som jobbar med Ungdata-undersøkinga i Bjørnafjorden vil gjerne at foreldre og andre som har ansvar og omsorg for eit barn eller ungdom, skal vite litt om kva dei svarer, utan å måtte lese heile rapporten. Derfor har vi laga denne filmen til bruk på foreldremøte, fortrinnsvis i ungdomsskulen.

[Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden](#)

BTI-film

[Om BTI – Bjørnafjorden – BTI](#)

Filmsnutten «5 på gata»: er stila til foreldre og føresette med ungdom i hus, men og alle andre vaksne der ute som ser og snakkar med ungdommane våre.

[God sommar frå Bjørnafjorden kommune](#)

Film om skulefråvær

Denne filmen blir nytta på foreldremøta på alle skulane i kommunen. Den er utarbeida i samarbeid Bjørnafjorden kommune og NORCE/RKBU og RBUP.

[Men er det så farlig om vi er vekke en dag? Infofilm om skolefravær - Kunnskap om barn og unge fra RKBU og RBUP](#)

Verktøy i kartlegging og undersøking

Samtalekort

Desse korta er ei vidareføring frå Færder kommune sitt system for arbeidet med nærvær og fravær, under punkt Årsakskartlegging. [Handlingveileder for Færder kommune 2018](#)

Samtalekorta og tilhøyrande filmar som modellerer bruk av korta er ein del av den nye Handlingsrettleiaren for førebygging av skulefråvær i Bjørnafjorden kommune.



Figur 16 Samtalekort

11.2. Resultat som kan vere nyttige for andre kommunar

VERD-SETT har bidrege til å utvikle kunnskap, verktøy og arbeidsmåtar som er relevante også for andre kommunar. Samtidig viser erfaringane at god forankring, koordinering og samarbeid er avgjerande for å lukkast med systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Døme:

- Sjøast i morgon (SIM): utvikling av samtalekort, rettleiarar og foreldrefilm om skulefråvær (i samarbeid med NORCE)
- Ressursteam: etablering av system for samarbeid i skule (med deltaking frå PPT), og erfaringar frå vidare utvikling på barnehageområdet
- Ungdata: utvikling av system og rutinar for planlegging, gjennomføring og oppfølging
- Kompetanseheving: opplæring av alle tilsette som arbeider med barn og unge i nasjonal fagleg retningslinje og BTI, slik at ein sikrar eit felles kunnskapsgrunnlag

I tillegg er det utvikla fleire verktøy for formidling, mellom anna filmar til bruk i foreldremøte og opplæring.

I kap.9.2 Læringspunkt for andre kommunar er det skissert andre resultat som kan vere nyttige for andre kommunar.

12. KONKLUSJON

Læring og vidareføring

Evalueringa har vore tett knytt til utviklingsarbeidet i prosjektet. Erfaringane viser at:

- god forankring i heile organisasjonen er avgjerande for å lukkast
- tverrfagleg samarbeid styrker resultata
- analyse og systematisk bruk av data gir betre grunnlag for treffsikre tiltak
- kommunen må auke bruk av evaluering i satsingar og utviklingsarbeid

Prosjektet har òg reist viktige spørsmål om vidareføring:

- kva tiltak kan driftast vidare etter prosjektperioden?
- kva erfaringar kan overførast til andre sektorar eller kommunar?

Erfaringane viser også kor viktig det er å arbeide langsiktig med folkehelse, og å sikre at prosjekt blir ein del av heilskapen i kommunen si verksemd.

Psykisk helse og rusførebygging i folkehelsearbeidet

VERD-SETT har bidrege til å gjere psykisk helse og rusførebygging til ein naturleg del av det systematiske folkehelsearbeidet. Dette er oppnådd gjennom:

- tett tverrfagleg samarbeid

- god bruk av data og kunnskapsgrunnlag
- forankring i strukturar som SLT og BTI
- konkrete tiltak retta mot barn og unge

Samtidig er dette eit langsiktig arbeid som krev vidare utvikling og koordinering. Erfaringa frå VERD-SETT viser likevel at kommunen har etablert eit godt grunnlag for å arbeide meir heilskapleg og systematisk med psykisk helse og rusførebygging i åra framover.

Forvaltningsrevisjonen av psykisk helse- og rustenester for barn og unge

Erfaringane frå VERD-SETT er samanfallande med funn i forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisjonen av psykisk helse- og rustenester for barn og unge hausten 2025 i Bjørnafjorden kommune viser at kommunen har fleire relevante tilbod, men at det framleis er behov for samordning og heilskapleg styring av innsatsen inn mot barn og unge. Det blir trekt fram behov for betre oversikt over samla innsats og styrka medverknad frå barn, unge og føresette. Dette blir mellom anna følgt opp gjennom bruk av BTI og det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet.

Det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet

Gjennom deltakinga i Program for folkehelsearbeid i kommunane ved prosjekt VERD-SETT, har heile organisasjonen fått eit løft. Folkehelsearbeidet har fått eit auka fokus og gjennom ny kunnskap og innsikt har arbeidsgruppa folkehelsearbeid fått eit betre grunnlag for det systematiske og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet og arbeide med oversiktsdokumentet. Vi har tru på at folkehelsearbeidet får større merksemd både på administrativ og politisk nivå.

13. VEDLEGG

Folkehelseoversikt Bjørnafjorden kommune

2019-2022: [Folkehelseoversikt for Bjørnafjorden kommune 2019-2022 \(PDF, 6 MB\)](#)

2023-2026: [folkehelseoversikt-2023-2026-for-bjornafjorden-kommune-oppdater.pdf](#)

Pdf vedlegg til sluttrapport VERD-SETT

Rapportar frå psykologistudentar i samfunnspraksis

1. Nærvær i skulen
2. Stress og sosial tilhørighet

Rapportar frå arbeidet med Oppvekstreforma

3. Foreldreundersøking delrapport
4. Delrapport tidleg innsats og førebygging
5. Tiltaksvifte
6. Inspel frå tilsette kva treng vi

